



RV 13

Utfordringar

Møte mellom Indre Vestland og stortingsbenkane i Vestland

Flesland 30. januar 2023

Rv 13

- **Nye Veier AS**

- Strakstiltak mellom Odda og Tyssedal
 - Oppstart i 2023
- Overordna analyse
 - Klar i 2023
- Analysen har med Vikafjellet, jf. brev frå NV AS

- **Dilemma**

- Innspel til neste NTP
- Mogeleg å auke ramma?
- Kan Stortinget instruere Nye Veier AS sitt styre?



Foretaksnavn:
Nye Veier AS

Adresse:
Kjelte 6
4630 Kristiansand

Org. nr.:
915 488 059

Nettside:
www.nyerveier.no

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
Postboks 8010 DEP
0030 OSLO

Deres ref
22/727-1

Saksbehandler
ARN

Arkiv
2022/269-4

Dato
15.06.2022

Vurdering av riksvei 13 Vikafjellet

Samferdselsdepartementet har i brev av 31. mars bedt Nye Veier AS vurdere mulighetene for å gjennomføre riksvei 13 over Vikafjellet innenfor sin portefølje uten endring i de økonomiske rammene. I vurderingen bes det om en redegjørelse av samfunnsøkonomisk lønnsomhet og modenhet for et slikt prosjekt. Departementet ber også Nye Veier AS om å vurdere hvordan et slikt prosjekt kan være egnet for selskapet, både ut ifra selskapets kompetanse og ut ifra profilen på den øvrige utbyggingsporteføljen.

En utvidelse av Nye Veiers portefølje med riksvei 13 Vikafjellet vurderes som egnet for selskapet, både ut ifra selskapets kompetanse og profilen på øvrig utbyggingsportefølje. Vikafjellet er foreløpig kostnadsberegnet til i 3-5 mrd kr og består av en stor andel tunnel. Nye Veiers portefølje med flere tunnelprosjekter av tilsvarende størrelse gjør prosjektet meget godt egnet for selskapets gjennomføringsmodell og kontraktsstrategi. Nye Veier vil videre gjøre mer detaljerte forberedelser og analyser for Vikafjellet-prosjekt inn mot neste rullering av NTP. I den forbindelse planlegges det også å gjøre samfunnsøkonomiske lønnsomhetsvurderinger og vurderinger av samfunnsikkerhet og andre viktige forhold knyttet til Vikafjell-prosjektet.

Nye Veier ser liten mulighet for å kunne påta seg Vikafjell-prosjektet uten endringer i de økonomiske rammene eller utvidelse av Nye Veiers finansieringshorisont. Kostnadene til Vikafjell-prosjektet er alene større enn det NTP 2022-2033 legger opp til av rammer for hele riksvei 13 Skare-Sogndal. Videre er prisveksten for veganlegg krevende. Nye Veier anbefaler at vurderinger av Vikafjell-prosjektet med tilhørende finansiering gjøres i forbindelse med neste revisjon av nasjonal transportplan.

Fylkesordfører

Dato	04.11.2022
Vår referanse	2022/92583-1
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Matti Torgersen
E-post	Matti.Torgersen@vlfk.no
Telefon	92224656

Bygg rv. 13 Vikafjellstunnelen før oppgradering av Lærdalstunnelen

Eg viser til Statens vegvesen sitt framlegg om å stenge Lærdalstunnelen i eit år frå 2024 som følgje av tunneloppgradering.

Eit heilt års stenging vil få store konsekvensar for fastbuande, pendlarar, skuleelevar og for næringslivet.

Lærdalstunnelen er eit viktig samband både mellom Sogn og Voss/Bergen, og mellom austlandet og vestlandet. Vegen har også ein viktig lokal funksjon for befolkning og næringsliv. Det vil ikkje vere akseptabelt med eit heilt års stenging utan at det vert gjort kompensierende tiltak.

Eg har forståing for at behovet for oppgradering av tunnelen, og at det kan vere naudsynt å stengje tunnelen grunna krav til trafikktryggleik og for effektiv anleggsframdrift. Det har vore lagt for lite vekt på å sikre alternative omkøyingsløysingar og andre moglegheiter for å kome fram i området. Oppgraderinga bør difor utsetjast i påvente av at dette er klårgjort. Staten må også bidra til oppgradering av tunnelane på fv. 50 Hol-Aurland.

Vestland fylkeskommune har prioritert ny tunell for rv.13 Vikafjellet høgt. Denne vegen er ofte vinterstengt grunna ras og uver, og har generelt låg standard. Usikker vinterdrift, mange høgdemeter og tilstanden til vegen gjer at denne vil ha store avgrensingar som omkøyingsveg særleg vinterstid.

Eg vil på dette grunnlag fremje forslag om at ny rv. 13 Vikafjellstunnelen vert bygd før stenging av Lærdalstunnelen vil finne stad. Dette er eit alternativ som kan akseptierast som omkøyingsveg. Særleg vil Vikafjellsvegen vere ein god erstatning for trafikken mellom Sogn og Voss/Bergen.

Eg viser i samband med dette til møte om gjennomføringsplanen for gjeldande Nasjonale transportplan som Statens vegvesen heldt 1. november 2022. På møtet nemnte eg dette som ein moglegheit, og dette fekk tilslutnad frå Nye vegar AS som har fått overført ansvar for rv. 13 Skaret-Sogndal.

Det må samstundes arbeidast vidare med løysingar som sikrar samband i lokalområdet rundt Lærdalstunnelen, som t.d. båtamband forbi området.

Med helsing

Jon Askeland
Fylkesordfører

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref	Vår ref	Dato
2022/92583-1	22/167-59	5. desember 2022

Om å bygge rv.13 Vikafjellstunnelen før oppgradering av Lærdalstunnelen

Det skal gjennomførast viktige og naudsynte oppgraderingar av sikkerheita i E16 Lærdalstunnelen. Planane for oppgradering av Lærdalstunnelen har fått mykje merksemd, men det er per no ikkje avgjort korleis arbeidet med oppgradering skal gjennomførast med tanke på eventuell stenging av tunnelen.

Statens vegvesen ser på ulike alternative løysingar der anleggsarbeida skal kunne gjennomførast på ein sikker måte samtidig som ulempene for folk og næringsliv blir minst mogelege. Hurtigbåt, tilbringarløysingar, forsterka vedlikehald og beredskap på alternative vegruter er blant det som blir vurdert. Det er etablert dialog mellom Statens vegvesen og kommunane, lokalt næringsliv og transportnæringa i området.

Det er ikkje aktuelt å skunde fram ny tunnel på rv.13 Vikafjellet før oppgraderinga av E16 Lærdalstunnelen. Lærdalstunnelen er eit prosjekt som er klart til å starte opp i 2023. Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring (KS2) og Stortinget har vedteke kostnadsramme for prosjektet. Rv. 13 mellom Skare og Sogndal over Vikafjellet er overført til Nye Veier AS i Nasjonal transportplan 2022-2033. Selskapet arbeider med heilskaplege analysar på